

Rundskriv R

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.
R-10/2008

Vår ref
08/6409 C/TS/GFE

Dato
10.12.2008

Rapportering til statsrekneskapen for 2009

Dette rundskrivet gjev fristar og krav til rapportering til statsrekneskapen for 2009. Bruk av informasjonen som blir rapportert til statsrekneskapen er omtalt i punkt 4.

1. Fristar for å rapportere til statsrekneskapen for 2009

Desse rapporteringstidspunkta gjeld:

Periode	Frist	Periode	Frist
1.1. – 31.1.2009	16.2.2009	1.1. – 31.7.2009	17. 8.2009
1.1. – 28.2.2009	16.3.2009	1.1. – 31.8.2009	15. 9.2009
1.1. – 31.3.2009	15.4.2009	1.1. – 30.9.2009	15.10.2009
1.1. – 30.4.2009	15.5.2009	1.1. – 31.10.2009	16.11.2009
1.1. – 31.5.2009	15.6.2009	1.1. – 30.11.2009	15.12.2009
1.1. – 30.6.2009	15.7.2009	1.1. – 31.12.2009	15.1. 2010

Rekneskapsrapport skal sendast inn kvar månad og innehalde akkumulerte tal for perioden rekneskapen omhandlar.

2. Rapportering frå statlege forvaltningsorgan og forvaltningsverksemder

2.1 Rekneskapsrapport

Rapport til statsrekneskapen skal innehalde fullmakt ved postering. Verksemdene nyttar *eiga fullmakt* når posteringa har heimel i tildelingsbrev til verksemda og når posteringa gjeld felleskonti/budsjettpostar som er opne for alle verksemdene (sjå vedlegg). Ved postering på framandt kapittel skal *belastningsfullmakt* nyttast.

Månadleg rekneskapsrapport (S-rapport) til statsrekneskapen skal mellom anna innehalde:

- hovudbokskonti med saldo i rapporteringsperioden for transaksjonar på kapittel, post, underpost
- belastningsfullmakt ved postering på framandt budsjettkapittel
- hovudbokskonti med saldo i rapporteringsperioden for innbetalingar og utbetalingar på oppgjerskonti i Noregs Bank
- hovudbokskonto for mellomveret som verksemda har med statskassa, med saldo i rapporteringsperioden for transaksjonar førte på interimskonti
- ein avstemmingsdel som viser bokført saldo i rapporteringsperioden på oppgjerskonti i Noregs Bank og bevegelsen i perioden i Noregs Bank (kontoutskrift)

Rekneskapsrapporten skal som hovudregel sendast elektronisk til statsrekneskapen.

Etter at verksemda har sendt rekneskapsrapporten skal ho bestille avstemmingsliste frå statsrekneskapen og kontrollere at posteringane i statsrekneskapen er i samsvar med rekneskapen som er rapportert inn. Ved avvik skal feilen rettast etter instruksjon frå Senter for statleg økonomistyring (SSØ). Avstemminga skal dokumenterast.

Verksemder/rekneskapsførarar som ynskjer ta i bruk internettbasert rapportering til statsrekneskapen, avklarar dette med SSØ. Kontaktperson er Knut Mygland, tel. 982 40 998, e-post: knut.mygland@sfs.no.

2.2 Rapportering av underpostar til løvingsrekneskapen

For utgiftspostane 01, 21 og 24 og inntektspostane 16 og 18 er det krav om rapportering av underpostar, jf. nærare beskriving i rundskriv R-101. Det er eit krav at alle underpostar som blir rapporterte til statsrekneskapen skal ha to siffer. Dette inneber at kontostrengen i rapporten til statsrekneskapen er på seks posisjonar (kapittel/post), eller åtte posisjonar (kapittel/post/underpost) når det er kravd rapportering på underpost. For somme postar kan det vere avtalt ein særskild praksis for å rapportere på underpost, sjølv om det ikkje er krav til det.

Nokre verksemder rapporterer likevel på underpostar der det ikkje er krav til det. Verksemdene må sikre at krava som er omtalte ovanfor, blir følgte, og at det for andre postar blir rapportert på postnivå (6 siffer). Verksemdene må særleg merke seg at underpost 00, 10 og 20 ikkje skal nyttast i rekneskapsrapporten.

2.3 Rapportering av mellomvere med statskassa

Transaksjonar på interimskonti i rekneskapsrapporten (S-rapporten) skal rapporterast på ein 6-sifra rekneskapskonto for mellomvere med statskassa. Alle verksemder/ rekneskapsførarar er tildelte kvar sin konto for mellomvere. Verksemda kan rapportere eit netto endringsbeløp eller spesifisere brutto endringar over fleire rader, der summen er netto endringsbeløp. I slike tilfelle kan verksemda også rapportere på 8-sifra underpost dersom det er til hjelp for å dokumentere og avstemme rekneskapan.

2.4 Ved omorganisering

Når rekneskapsførarar blir overførde frå eit departement til eit anna, eller der rekneskapsførarar skal samlast i større einingar, eller blir delte opp, vil det ha konsekvensar for mellomveret som dei har med statskassa.

Skjer dette skal verksemdene kontakte SSØ så tidleg som mogeleg for å avklare korleis overføring av mellomvere og/eller opphør av mellomvere skal handsamast. Eventuelle endringar i oppgjerskonti i Noregs Bank i samband med omorganisering, må takast opp med SSØ.

3. Rapportering for statlege fond og forvaltningsorgan med særskilde fullmakter

Statlege fond og forvaltningsorgan med særskilde fullmakter til bruttoføring utanfor statsbudsjettet skal rapportere forenkla til statsrekneskapan om likvidbevegelsen på oppgjerskonto i Norges Bank, jf. rundskriv R-106 og punkt 3.3.3.2 og 3.3.3.3 i Bestemmelser om økonomistyring i staten. Rapporten skal vere avstemt med rekneskapan for fondet eller verksemdsrekneskapan før den blir send til statsrekneskapan. Innan fristane i punkt 1 skal rapporten setjast opp på papir og sendast til statsrekneskapan med kopi til fagdepartementet

Verksemda skal setje opp rapporten etter følgjande mønster:

Namnet til verksemda: _____

Likvidrapport for rekneskapsførarkonto:

For _____ **månad** _____ **til statsrekneskapan og** _____ **departement**

Kontantbeholdning per 1. i månaden	300,-
Netto reduksjon/auke denne månaden	- 200,-
Kontantbeholdning per 30./31. i månaden	100,-

4. Bruken av rekneskapsinformasjonen i statsrekneskapen

4.1 Når rapportane frå dei statlege verksemdene og rekneskapsførarane er mottekne, utarbeider Senter for statleg økonomistyring (SSØ) kvar månad eit samla løyvingsrekneskap over budsjettkapitla til kvart departement. Desse blir sende til departementa. Når året er omme, utarbeider SSØ ein endeleg løyvingsrekneskap og kapitalrekneskap som inngår i St. meld. nr. 3 om statsrekneskapen.

I tillegg til den primære bruken av statsrekneskapsinformasjonen i budsjettoppfølginga og St. meld. nr. 3, har statsrekneskapen to sentrale bruksområde.

For det fyrste hentar Riksrevisjonen detaljert rekneskapsinformasjon frå statsrekneskapen. Informasjonen blir nytta i den årlige revisjonen og kontrollen med statsrekneskapen og revisjonen av rekneskapen i dei einskilde statlige verksemdene, jf. lova om Riksrevisjonen (Lov 2004-05-07-21).

For det andre blir rekneskapsinformasjonen send til Statistisk Sentralbyrå (SSB) som utarbeider nasjonalrekneskapen og statistikk om offentlege finansar. SSB utfører òg Noregs plikter knyt til internasjonal rapportering. SSB får tal frå statsrekneskapen kvar månad. Rapporteringa er basert på ein avstemt statsrekneskap som er spesifisert på kapittel/post nivå, dvs. same nivået som blir rapportert i meldinga til Stortinget.

4.2 SSB har, på oppdrag frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet (FAD) etablert StatRes, eit system for utvikling og formidling av statistikk om staten.

SSB har vurdert at rekneskapsinformasjonen frå statsrekneskapen er ei aktuell kjelde til informasjon for StatRes. Det er lagt til grunn at fagdepartementa blir involverte i både val av nye statistikkområde og utviklinga av dei. Det er derfor ikkje aktuelt å bruke rekneskapsrapportane på einingsnivå utan at det ansvarlege fagdepartementet er involvert.

Frå 2008 får SSB tilgang til meir detaljert rekneskapsinformasjon enn før. SSB får sjå dei einskilde, årlege rekneskapsrapportane som utgjer statsrekneskapen. Dette inneber tilgang til rekneskapsrapportar på rekneskapsførarnivå:

- Akkumulert rekneskap per kapittel/post per rekneskapsførar. Ein rekneskapsførar vil normalt svare til verksemd eller ein underliggjande rekneskapseining når verksemda har valt å organisere seg med fleire slike.
- Rekneskapen vil gå fram på underpostnivå for kvar eining. Verksemdene skal rapportere på underpostnivå for utgiftspostane 01, 21 og 24 og inntektspostane 16 og 18, jf. rundskriv R-101.

5. Kontakt

Har du spørsmål om statsrekneskapen eller rekneskapsfaglige spørsmål kan dei rettast til Senter for statleg økonomistyring:

Seksjon for regelverk og konsernsystem

Telefon sentralbord: 40 00 79 97

Faks: 22 98 70 00

E-post: statsregnskap@sfsno.no

Sender du inn rekneskapsrapporter og likvidrapporter på papir, hugs å merkje dei tydeleg med Statsrekneskapen.

Du kan òg sende brev til denne postadressa:

Senter for statleg økonomistyring

Seksjon for regelverk og konsernsystem

Pb 7154 St. Olavs plass

0130 Oslo

Meir informasjon finn du på heimesidene til SSØ: www.sfsno.no.

Departementa må informere sine underliggjande verksemder om innhaldet i dette rundskrivet.

Med helsing

Knut Klepsvik e.f.
avdelingsdirektør

Torstein Sørbotten
seniorrådgjevar

Vedlegg (1)

Kopi:

Stortingets administrasjon

Riksrevisjonen

Senter for statlig økonomistyring

Vedlegg:

Felleskonti som skal rapporterast som *Eigen fullmakt* til statsrekneskapen.

Kap 5309 Tilfeldige inntekter, post 29 Ymse

Kap 5341 Avdrag på uteståande fordringar,
post 91 Alminnelige fordringar

Kap 5565 Dokumentavgift, post 70 Avgift

Kap 5603 Renter av statens kapital i statens forretningsdrift,
post 80 Renter av statens faste kapital

Kap 5603 Renter av statens kapital i statens forretningsdrift,
post 81 Renter av mellomrekneskapen

Kap 5605 Renter av statskassens kontantbeholdning og andre fordringar,
post 83 Av alminnelige fordringar

Kap 5700 Folketrygdas inntekter, post 72 Arbeidsgjevaravgift